



Avinor AS
Postboks 150
2061 GARDERMOEN

Endring i utsløppsløyvet for Sogndal lufthamn, Avinor AS

Fylkesmannen gir løyve etter ureiningslova til utsløpp av bane- og flyavisingskjemikal frå Sogndal lufthamn. Det vert og gitt løyve til månadleg testing av skumkanon og årleg tømning og reingjering av pulveraggregat på brannbil.

Oppdatert miljøovervakingsprogram skal sendast til Fylkesmannen innan 1.august 2018.

Vi viser til søknad frå Sogndal lufthamn datert 01.09.2017 om endra løyve til verksemd etter ureiningslova. Vi viser òg til seinare korrespondanse og samtalar med representantar for Avinor AS.

Saksframstilling

Bakgrunn

Avinor AS, Sogndal lufthamn har eit eksisterande løyve som gjeld utsløpp frå avising av fly og rullebane, kjemikaliebruk, og avfallshandtering.

Sogndal lufthamn har søkt om følgjande endringar i utsløppsløyvet:

- Auke i ramma for bruk av flyavisingskjemikal frå 6000 liter til 10000 liter (100% glykol) per år.
- Sogndal lufthamn har i dag krav om at det skal dokumenterast kor stor del av brukt flyavisingskjemikal som vert samla opp etter bruk. Dette har vore vanskeleg å få til i praksis. Avinor søker no om at dette kravet vert fjerna, og at det heller vert gjort endringar i miljøovervakingsprogrammet for å sikre ei betre oppfølging av miljøtilstanden rundt lufthamna.
- Det vert og søkt om at månadleg testing av skumkanoner og årleg tømning og reingjering av pulveraggregat på brannbil vert regulert i utsløppsløyvet.

Førehandsvarsling og offentleg høyring

Etter at Fylkesmannen hadde motteke fullstendig søknad, vart den kunngjort og sendt på høyring i samsvar med kapittel 36 i "Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)".

Søknaden vart lagt ut til offentleg gjennomsyn ved tenestetorget i Sogndal kommune i tida 01.12.2017 – 05.01.2018. Søknaden vart og sendt til Sogndal kommune og til naboar med høyringsfrist 05.01.2018.

Uttaler

Det er ikkje komme uttaler til søknaden.

Miljøpåverknad frå aktivitetane

Lokalisering og resipientforhold

Flyplassen ligg ca. 500 meter over havet ved Haukåsen - på eit utsprengt, planert fjellområde. Plassen er delvis omgitt av myr/våtmarksområde. Flyplassområdet har naturleg avrenning til to bekkar; Reipa som renn mot sydvest, og Ysterudbekken som renn mot nordaust.¹ Begge endar i Sognefjorden.

Flyplassen har lokalt kloakkreinseanlegg med utløp i Ysterudbekken (anlegget er godkjent av Sogndal kommune 16.10.2010). Avløp frå verkstad går via oljeutskiljar til Ysterrudbekken. På grunn av liten vassføring i bekkane frå flyplassen er dei sårbar for eutrofiering. Det oppsamla glykolholdige overvatnet vert sleppt ut via utsleppsleidningen frå Simas sitt avfallsdeponi i Sognefjorden utanfor Amlaholten. Sognefjorden ved SIMAS sitt utslepp er ein open fjord med gode straumtilhøve som gjev god innblanding i resipienten.

Undersøkingar og kartlegging som ligg til grunn for behandlinga av søknaden

Det har vore gjort fleire undersøkingar av forholda rundt flyplassen. Desse undersøkingane er nærare omtala i oversendingsbrevet til løyvet datert 11.03.2014.

Hovudkonklusjonen var at det måtte gjerast tiltak for å redusere utsleppa av organisk materiale. Sogndal lufthamn har følgd opp dette gjennom avtale med SIMAS om utslepp av oppsamla glykolhaldig vatn gjennom deira utsleppsleidning til Sognefjorden.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for fastsette vilkår

Det vart gjort ei grundig vurdering av miljøeffektar ved flyplassdrifta i samband med endringa av utsleppsløyvet i 2014. Fylkesmannen vurderer at dei endringane det no vert søkt om ikkje vil medføre vesentleg auke i utslepp til miljøet i høve til tidlegare drift, og vi bygger i stor grad våre konklusjonar og krav på dei vurderingane som vart gjort i 2014. Dette gjeld og vurderingane som vart gjort om tilhøva til naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Det vert søkt om auke i ramma for flyavisingskjemikal frå 6000 til 10000 liter 100% glykol pr år. Sogndal lufthamn har store utfordringar med verforhold, og mengde flyavisingskjemikal som må brukast varierer mykje frå år til år. I perioden 2013 – 2017 har forbruket variert frå 1099 liter til 9166 liter pr år. Dette skuldast forhold som flyplassen ikkje rår over. Ei auke i ramma vil difor ikkje føre til eit jamt høgare forbruk, men vil lovleggjere eit auka forbruk dersom dette ein sesong er naudsynt av omsyn til flysikkerheiten.

¹ Namna på bekkane er henta frå søknaden. Lokalt blir det også brukt andre namn.

Store snømengder på kort tid sist vinter har også ført til problem med kapasiteten for lagring av glykolhaldig snø ved avisingsområdet for fly. Det vert difor opna for at det ved ekstreme snøforhold kan lagrast snø i eit område aust for lufthamna. Dette er ei kriseløysing, og det er krav om at ei slik lagring må følgjast opp gjennom miljøovervakinga.

Det er også gitt løyve til månadleg testing av skumkanon og årleg tømning av pulveraggregat på brannbil. Desse operasjonane har også vore utført tidlegare, men dei har ikkje vore regulert i utsleppsløyvet. Det er føreset at desse aktivitetane vert gjennomført på ein slik måte at det ikkje medfører fare for ureining.

Oppsummering og konklusjon

Av tryggleiksomsyn er det nødvendig å avise fly og rullebane i periodar av året. Avising og fjerning av snø skjer både mekanisk og ved bruk av kjemikal. Det er pr. i dag ikkje noko realistisk alternativ til bruk av avisingskjemikal. Fylkesmannen har heller ikkje grunnlag for å gjere eigne vurderingar av mengde avisingskjemikal som er nødvendige å bruke på flyplassen. Det er difor ikkje lagt avgjerande vekt på dei rammene som er sett for avisingskjemikal, men det ligg til grunn ein føresetnad om at forbruket skal vere så lågt som det er forsvarleg ut frå sikkerheitsomsyn.

Fylkesmannen har hovudfokus på auka miljøovervaking, og at det vert sett i verk tiltak for å redusere miljøeffektane dersom ein ser at desse vert uakseptable.

I det oppdaterte løyvet går ein bort frå kravet om dokumentasjon av oppsamlingsgrad for flyavisingskjemikal, då dette har vore vanskeleg å gjennomføre i praksis. I staden vert det no eit auka fokus på overvaking i grunn og bekkar rundt flyplassen. Det er sett krav om at «god økologisk status» må dokumenterast både med kjemiske og biologiske parameter, og vurdering av økologisk status skal inngå i den årlege rapporteringa til Fylkesmannen. Miljøovervakingssystemet må difor oppdaterast og sendast til Fylkesmannen for godkjenning innan 1.august 2018.

Sogndal lufthamn har krav om årleg rapportering via Altinn med frist 1.mars. Dette kravet er vidareført som tidlegare.

I tillegg har lufthamna krav om å informere Fylkesmannen om alle tilhøve som kan ha relevans for det ytre miljøet. Informasjonen skal mellom anna innehalde ei eigen vurdering av usikkerheit i datamaterialet, resultat frå overvaking og utslepp. Tidlegare har 1. mars også vore frist for denne rapporteringa. Avinor har bedt om at denne fristen vert endra til 1.august, slik at ein kan få med resultat frå heile avisingsseasonen. Med auka fokus på miljøovervaking og krav om dokumentasjon av «god økologisk status» med både kjemiske og biologiske parameter, er Fylkesmannen einig i at rapportering på hausten kan vere eit betre alternativ. Vi føreset då at resultat frå eventuelle miljøundersøkingar utført på sommaren også kjem med i rapporten. Fristen for denne rapporteringa vert difor endra til 1. august.

Fristar

Tabellen nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak som løyvet krev:

Tiltak	Frist	Tilvising til vilkår
Oppdatert miljøovervåkingsprogram	01.08.2018	9
Overvaking av resipient i samsvar med godkjent miljøovervåkingsprogram	Jamleg	9
Rapportering via nasjonalt rapporteringssystem.	1.mars, årleg	10
Miljørapport til Fylkesmannen	1.august, årleg	
Internkontroll for ytre miljø	d.d.	2.7 og Internkontrollforskrifta
Substitusjon av kjemikal	Jamleg	6 og Produktkontrollova § 3a
Miljørisikoanalyse	Jamleg	8.1
Ha etablert beredskap mot akutt ureining	d.d.	8.3
Øving av beredskap	Min. årleg	8.3

Vedtak om gebyr for sakshandsaminga

Vi viser til varselet om gebyr som vart gitt 22.11.2017. Vi har ikkje motteke merknader til varselet, og gjer vedtak i samsvar med det som er varsla.

På grunnlag av den samla arbeidsmengda som søknaden om endra løyve etter ureiningslova har medført for Fylkesmannen, er gebyret fastsett til sats 5, jf. ureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Det vil seie at Avinor AS Sogndal lufthamn skal betale eit gebyr på **kr 36 200**.

Faktura vert sendt ut av Miljødirektoratet.

Klagerett

Vedtaket, også vedtak om val av gebyrsats, kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker etter melding om vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendes til Fylkesmannen.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Klima- og forureiningsdirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Offentleggjing av løyvet

Fylkesmannen vil kunngjere løyvet på si nettside.

Med helsing

Dagny K. Ugulsvik Alvik
fagdirektør

Grete Haugan
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi med vedlegg: Sogndal kommune



Løyve etter ureiningslova for Avinor AS Sogndal Lufthamn

Løyvet er gitt i medhald av § 11 jf. § 16 og endra i medhald av § 18 i lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova). Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 01.09.2017, i brev datert 02.10.2017 og som er kome fram under saksbehandlinga.

Dette løyvedokumentet erstattar løyvet datert 10.03.2011 med endring datert 11.03.2014.

Verksemddata

Ansvarleg verksemd, anlegg	Avinor AS - Sogndal lufthamn		
Adresse, poststad	Postboks 150, 2061 Gardermoen		
Besøksadresse	Haukåsen		
Kommune og fylke	Sogndal i Sogn og Fjordane		
Gards- og bruksnummer)	105/99	UTM midtpunkt	N: 6781715 Ø: 399815
Org. nummer (verksemd)	874 720 062	Org.nr. (eigd av)	985 198 292
NACE-kode	52.230 Andre tjenester tilknyttet lufttransport		

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer	Bransje
2010/15623	1420.0032.01	2011.086.T	Landbasert

Løyve gitt: 10.03.2011	Endringsnummer: 2	Denne endringa: 19.03.2018
Dagny K. Ugulsvik Alvik fagdirektør	Grete Haugan senioringeniør	

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopiadressatar: Sjå liste i oversendingsbrevet.

Endringslogg

Endring nr.	Dato endra	Vilkår nr.	Omtale
1	11.03.2014	3	Auka ramme for flyavisingskjemikal Krav til oppsamling av glykol og løyve til utslepp via SIMAS sin utsleppsleidning til Sognefjorden. Utsett frist for etablering av avisingsplattform
2	19.03.2018		Auka ramme for flyavisingskjemikal Bortfall av krav om oppsamlingsgrad for flyavisingskjemikal Løyve til månadleg testing av skumkanon og reingjering av pulveraggregat på brannbil Auka krav til miljøovervaking

Innhald

1	Utsleppsforhold	3
2	Generelle vilkår	3
2.1	Avgrensing av utslepp.....	3
2.2	Operatørar og andre.....	3
2.3	Plikt til å halde grenseverdier	3
2.4	Plikt til å redusere ureining så langt som råd	3
2.5	Plikt til førebyggjande vedlikehald	3
2.6	Tiltaksplikt ved auka ureiningsfare	4
2.7	Internkontroll	4
3	Utslepp til vatn og grunn	4
3.1.	Utsleppsavgrensingar for fly- og baneavisingkjemikal	4
3.2.	Utsleppsreducerande tiltak	5
3.3	Utsleppstad for glykolholdig vatn.....	5
3.4.	Oljeholdig avløpsvatn	5
3.5	Sanitæravløp.....	5
4	Teknisk dimensjonering.....	6
5	Grunnureining	6
6	Kjemikal og råstoff.....	6
7	Energibruk	7
8	Avfall.....	7
9	Førebyggjande tiltak og beredskap mot akutt ureining	7
9.1	Miljørisikoanalyse	7
9.2	Førebyggjande tiltak og prosedyrar.....	7
9.3	Beredskap mot akutt ureining	8
9.4	Varsling av akutt ureining	8
10	Utsleppskontroll og overvaking av resipientar	8
10.1	Overvakingssystem	8
10.2	Miljøtilstand i vassresipientar.....	8
11	Rapportering til Fylkesmannen.....	9
11.1	Rapportering via nasjonale rapporteringssystem.....	9

11.2.	Annan rapportering og informasjon	9
12	Større endringar	10
12.1	Utskifting av utstyr	10
12.2	Eigarskifte	10
12.3	Nedlegging eller driftsstans	10
VEDLEGG 1	- Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1	11

1 Utsleppsforhold

Løyvet gjeld ureining frå generell lufthamnverksemd og tillater handtering av overvatn ureina med fly- og baneavisingkjemikal. Løyvet omfattar også diffuse utslepp av glykol- og formiathaldig vatn som må brukast av omsyn til sikkerheit.

Løyvet omfattar og månadleg testing av skumkanoner og årleg tømning og reingjering av pulveraggregat på brannbil.

Ved vesentlege strukturelle endringar av tekniske system eller utsleppsforhold skal Sogndal lufthamn søkje om endring av løyvet, sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette grensene.

I dette løyvet vert sesong rekna frå 1. oktober til 31. mai, og ikkje-sesong frå 1.juni til 31. september.

2 Generelle vilkår

2.1 Avgrensing av utslepp

Utsleppskomponentar frå verksemda som er vurdert å ha størst effekt på miljøet, er uttrykkeleg omtalt eller regulert i vilkåra i dette løyvet.

Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagt fram i samband med sakshandsaminga, eller på annan måte må ha vore kjend når dette løyvet vart vedteke. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet.

2.2 Operatørar og andre

Sogndal lufthamn skal sikre at brukarane (operatørar og eventuelt andre aktuelle aktørar) gjer seg kjent med relevante krav i dette løyvet.

2.3 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå kva som følgjer av normal drift på ein slik måte at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet

2.4 Plikt til å redusere ureining så langt som råd

All ureining frå verksemda, her under utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Jamvel om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp skal Sogndal lufthamn sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan føre til utslepp av betydning for miljøet. Dette gjelder også brukarar av lufthamna. System/rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert (jf. Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7).

2.6 Tiltaksplikt ved auka ureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka ureining, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Akutt ureining skal varslast i samsvar med pkt 8.4.

Sogndal lufthamn skal så snart som mogleg melde frå til Fylkesmannen om unormale forhold som har ført til, eller kan føre til ureining.

2.7 Internkontroll

Sogndal lufthamn plikter å ha internkontroll for si verksemd i samsvar med gjeldande forskrift om dette¹. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krav i dette løyvet, ureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Lufthamna plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Sogndal lufthamn plikter til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til ureining og kunne gjere greie for risikoforhold.

Sogndal lufthamn plikter gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak å sørge for at verksemda vert driven slik at ulemper og skadeverknader til ei kvar tid vert avgrensa mest mogleg.

3 Utslepp til vatn og grunn

Lufthamna skal jamleg vurdere ulike alternativ for drifts- og reinsemetodar til vatn. Det skal gjerast ei fortløpande vurdering av beste tilgjengelege teknologi (BAT) for å minimere utslepp.

3.1. Utsleppsavgrensingar for fly- og baneavisingkjemikal

Utanfor avisingsesongen er utslepp av glykol og formiat ikkje tillate.

Baneavising

Det er tillate å bruke baneavisingkjemikal med eit årleg kjemisk oksygenforbruk på inntil 8.000 kg målt som KOF² pr år.

Baneavisingkjemikal skal ikkje innehalde giftige tilsetjingsstoff.

Flyavising

Det er tillate eit årleg forbruk av flyavisingkjemikal tilsvarande 10.000 liter 100 % glykol til avising av fly.

Dersom det vert nytta avisingskjemikal med giftige tilsetjingsstoff, skal det godtgjerast at PEC/PNEC³ for tilsetjingsstoffet i resipienten er < 1. Dette gjeld akkumulert effekt.

¹ Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (Internkontrollforskriften)

² KOF: Kjemisk oksygenforbruk. Uttrykk for innhaldet av organisk stoff som kan brytast ned ved kjemisk oksydasjon.

³ PEC/PNEC: Predicted Effect Concentration/Predicted No Effect Concentration. Er uttrykk for miljorisiko av eit stoff. Ved PEC/PNEC < 1 vert miljorisikoen vurdert som akseptabel.

Journalføring

Det skal førast driftsjournal over type og forbruk av baneavisingkjemikal og over påføringsmetode og forbruk av flyavisingsvæske. Journalen skal vere tilgjengeleg ved kontroll eller når Fylkesmannen ber om det.

3.2. Utsleppsreducerande tiltak

3.2.1. Baneavising

Snø på rullebane, taksebaner og flyoppstillingsplass skal i størst mogeleg grad fjernast ved brøyting, skraping og feiing/børsting, før avisingsmiddel vert nytta.

3.2.2. Flyavising

Oppsamlingsgraden av brukt (totalforbruk) glykol skal til ein kvar tid optimaliserast.

Flyavising skal skje på avisingsplattform, utforma slik at avisingsvæske som renn av vert samla opp og ført til oppsamlingskum.

3.2.3. Glykolhaldig snø.

Snø som inneheld flyavisingkjemikal, skal i størst mogleg grad plasserast på areal med avrenning til oppsamlingskum. Ved ekstreme snøforhold kan det som kriseløysing lagrast glykolhaldig snø i området aust for lufthamna. Det er viktig at slik lagring vert følgt opp med prøvetaking i det aktuelle området.

3.2.4. Andre utslepp

Månadleg testing av skumkanoner skal gjennomførast på avisingsplattform med avrenning til oppsamlingsstank slik at mest mogleg av skummet kan samlast opp.

Tømming av pulveraggregat på brannbil skal gjerast på ein slik måte at pulveret kan sugast opp og leverast til godkjent avfallsmottakar.

3.3 Utsleppstad for glykolholdig vatn

Oppsamla glykolholdig overvatn skal transporterast og sleppast på SIMAS sin utsleppsleidning (etter reinseanlegget) med utslepp i sjøresipient (Sognefjorden). Det glykolholdige overvatnet må førast ut på ein slik måte at innblandinga i vassmassane vert best mogleg.

Det skal førast journal over mengde glykolhaldig overvatn som vert sleppt ut via SIMAS sin utsleppsleidning. Journalen skal vere tilgjengeleg ved kontroll eller når Fylkesmannen ber om det.

3.4. Oljeholdig avløpsvatn

Eventuelt oljeholdig avløpsvatn frå verkstader eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseining. Restkonsentrasjonen av olje (upolare oljesambindingar) i avløpsvatnet skal ikkje overskride 20 mg/l (stikkprøve).

3.5 Sanitæravløp

Sanitæravløp frå terminalbygg, servicebygg og liknande skal reinsast og sleppast ut til resipient i samsvar med gjeldande regelverk og krav frå Sogndal kommune.

4 Teknisk dimensjonering

Flyavisingsplattformen skal vere utforma slik at alt søl av avisingsvæske som renn av flya på avisingsplattformen, samt under og etter påføring, vert samla opp og leida til oppsamlingstank.

Tankar og leidningssystem for oppsamling av avisingsvæsker skal vere tette og sikrast mot lekkasjer. Det skal vere rutinar for kontroll- og vedlikehald av dette som sikrar varig funksjonalitet og tettheit.

Glykolholdig vatn som dryp av flya ved avgang, og som vert spreidd til øvrige areal rundt flyplassen vert vurdert som diffus spreiding. Det skal leggest til rette for naturleg nedbryting i grunn og grunnvatn så lenge grunnforholda og sårbarheitsvurderingar tilseier at dette er akseptabelt.

5 Grunnureining

Sogndal lufthamn pliktar å halde oversikt over eventuell eksisterande ureina grunn på eige område. Ein skal til ei kvar tid ha oversikt over faren for spreiding, og vurdere behovet for gransking og tiltak. Viktige område kan vere grunnen der flyaving skjer, og gamle brannøvingsfelt.

Er det grunn til å tru at gransking eller andre tiltak vil vere nødvendig, skal ureiningsstyresmakta varslast om dette.

Graving eller andre tiltak som kan påverke ureina grunn treng løyve etter ureiningslova, ev. godkjenning frå kommunen.⁴

6 Kjemikal og råstoff

Med kjemikal er her meint kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukt i verksemda, som fly- og baneavisingskjemikalier, vaskemiddel, hydraulikkvæsker, drivstoff, sløkkemiddel/brannskum m.m.

For kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for ureining, skal verksemda dokumentere at dei har gjennomført ei vurdering av helse- og miljøeigenskapane til kjemikalia på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også regelverket om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Det skal vere ei oppdatert vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø som kan vere årsaka av dei kjemikal som vert nytta, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der mindre miljøbelastande alternativ finst, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁵

Stoff aleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, bringast i omsetting, eller brukast utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket⁶ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

Det skal utførast ei **risikovurdering** av kjemiske stoff og stoffblandingar som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for ureining av vassresipient. Kjemikaliane skal vere testa med omsyn på nedbrytingsevne/persistens, bioakkumuleringsevne, toksisitet, og hormonhermande effekt.

⁴ Jf. "Forurensningsforskriften" kapittel 2 om opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid.

⁵ Jf. Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

⁶ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH) av 30. mai 2008.

Sogndal lufthamn er ansvarleg for at operatørar er kjent med gjeldande krav, for at underleverandørane/operatørar dokumenterer at desse krava vert følgt opp.

7 Energibruk

Verksemda skal arbeide for å drive mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Verksemda bør i størst mogleg grad nytte eventuell overskotsenergi internt. Fylkesmannen kan seinare setje nærare krav til system for energileiing og spesifikt energiforbruk.

8 Avfall

Verksemda pliktar med bruk av beste tilgjengelege teknikkar å unngå at avfall vert danna som følge av drifta. Særleg skal innhaldet av skadelege stoff i avfallet søkast avgrensa mest mogleg.

Verksemda pliktar å syte for at all handtering av avfall frå flyplassen skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette, fastsett i eller i medhald av ureiningslova, slik som avfallsforskrifta⁷.

Sand frå sandfang som kan vere ureina av flyavisingskjemikaliar skal leverast til godkjent mottak.

Slam frå oljeutskiljar skal leverast til godkjent mottak.

9 Førebyggjande tiltak og beredskap mot akutt ureining

9.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse⁸ av aktiviteten sin.

Miljørisikoanalysen skal vere dokumentert og skal omfatte alle forhold som kan medføre akutt ureining med fare for helse- og/eller miljøskader inne på lufthamna sitt område eller utanfor.

Sogndal lufthamn skal ha oversikt over dei miljøressursar som kan bli berørt av akutt ureining og dei helse- og miljøkonsekvensar slik ureining kan medføre.

Med grunnlag i analysen skal verksemda vurdere risiko og fastlegge akseptabel risiko for det ytre miljøet. Områder med størst risiko for akutt ureining og utslepp til grunn og vassdrag skal kartleggast.

Verksemda skal ha klare kriterier for kva som skal medføre ein oppdatering av risikoanalysen eller prosedyre for når ei slik systematisk vurdering skal gjerast.

9.2 Førebyggjande tiltak og prosedyrar

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda sette i verk risikoreducerande tiltak for akutte utslepp. Både tiltak som reduserer sansynlegheit og konsekvens skal vurderast. Sogndal lufthamn skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

⁷ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930.

⁸ Framgangsmåten bør følge NS 5814:2008 Krav til risikovurdering (eller seinare utgåve)

Det skal vere utarbeid prosedyrar og tiltak som reduserer risikoen for at utslepp og søl oppstår av alle typar miljø- eller helsefarlege kjemikaliar som vert brukt på lufthamna, jf. punkt 2.7. Prosedyrane skal også sikre at søl og lekkasjar effektivt blir fjerna.

9.3 Beredskap mot akutt ureining

Verksemda skal, på grunnlag av miljørisikoanalyse og risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt ureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til alle ei kvar tid representerer, og skal også omfatte utstyr til å fjerne og avgrense omfanget og skadane og ulempene som kan skje. Beredskapen mot akutt ureining skal øvast minst ein gang pr. år.

9.4 Varsling av akutt ureining

Akutt ureining eller fare for akutt ureining skal varslast til Kystverket i samsvar med gjeldande forskrift⁹. Sogndal lufthamn skal også så snart som mogleg melde frå til fylkesmannen i slike tilfelle.

10 Utsleppskontroll og overvaking av resipientar

10.1 Overvakingsprogram

Sogndal lufthamn skal til ei kvar tid ha eit kontroll- og overvakingsprogram for utslepp til grunn og vassdrag. Oppdatert overvakingsprogram skal sendast til fylkesmannen innan 1.august 2018.

Programmet skal inngå i verksemda sin dokumenterte internkontroll. Dersom programmet bør endrast, skal det leggast fram for Fylkesmannen for vurdering før endringane kan setjast i verk. Prøvetaking skal utførast etter Norsk Standard (NS). Dersom desse ikkje finst, kan annan internasjonalt akseptert standard nyttast. Dei representative prøvene skal analyserast etter standarden NS-EN/IEC 17025:1999. Fylkesmannen kan i særskilde høve akseptere at annan metode vert brukt. Verksemda er ansvarleg for at metodar og utføring er forsvarleg kvalitetssikra, og at prøvetakingspunkt vert etablert på stader som gjer det mogleg å ta prøver av utsleppa i høve til aktuelle standardar.

Akkrediterte tenester for prøvetaking og analyse og fagleg vurdering skal nyttast der er mogleg. Usikkerheit i målingane skal vurderast og søkast redusert mest mogleg. Eigen prøvetaking og innsending for analyse til akkreditert laboratorium kan berre skje etter opplæring og skriftleg avtale med akkreditert tenesteytar.

10.2 Miljøtilstand i vassresipientar

Avinor skal dokumentere miljøtilstand i bekkar og vassdrag rundt flyplassen i samsvar med utarbeidd miljøovervakingsprogram.

Utsleppet frå flyplassen skal ikkje føre til negativ påverknad på resipientane. Dersom negativ påverknad vert påvist, og tilstanden er dårlegare enn «god økologisk status» skal tiltak setjast inn for å redusere påverknaden.

«God økologisk status» må dokumenterast både med kjemiske og biologiske parameter, og vurdering av økologisk status skal inngå i den årlege rapporteringa til Fylkesmannen. I samband med årleg rapportering skal det og vurderast om det er naudsynt med revisjon av overvakingsprogrammet eller om det er behov for tiltak for å overhalde miljøkrav.

⁹ Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

Data som vert skaffa fram ved overvaking i vatn, inklusiv sediment og biota, skal registrerast i databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>). Data skal leggest inn i databasen via Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva for informasjon som skal registrerast etter Vannmiljø sine kodeverk finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

11 Rapportering til Fylkesmannen

11.1 Rapportering via nasjonale rapporteringssystem

Verksemda skal rapportere

- forbruk av kjemikal
- påverknad på resipient
- vurdering av økologisk status
- vurdering av om det er naudsynt med revisjon av overvakingssystemet eller om det er behov for tiltak for å overhalde miljøkrav.
- mellomlagra og leverte avfallsmengder og –typar

innan 1. mars året etter på standardiserte skjema som vert gjort tilgjengeleg via nettportalen www.altinn.no. Rapportering skal skje i høve til Miljødirektoratet sin rettleiar til eigenrapportering frå verksemdar, sjå www.miljodir.no

Det skal rapporterast på årsbasis og ikkje på basis av avisings sesong. Det vil si at rapporteringa gjeld for to ulike vintersesongar, 01.01-31.05 og 01.10-31.12 føregåande år.

For rapportering av farleg avfall skal EAL-kodar nyttast, for anna avfall skal NS 9431 nyttast¹⁰.

11.2. Annan rapportering og informasjon

Verksemda skal årleg, innan 1.august, informere Fylkesmannen om alle miljøtilhøve som kan ha relevans til det ytre miljøet. Informasjonen må mellom anna innehalde ei eigen vurdering av usikkerheit i datamaterialet, resultat frå overvaking og utslepp. Der det ikkje er sett direkte krav til måling, utrekning eller rapportering av spesifikke nivå, må informasjonen likevel omfatta ei vurdering av desse miljøtilhøva. Informasjonen skal også omtale eventuell unormal drift, avvik som gjeld ytre miljø og tiltak.

Verksemda skal gjere informasjon om miljøforholda ved Sogndal lufthamn allment tilgjengeleg via www.avinor.no. Ved spesielle hendingar eller tiltak som kan ha allmenn interesse, skal Avinor informere nærmiljøet. Varsling, møter og anna direkte kontakt skal vurderast.

Kopi av løyvedokumenta skal vere lett tilgjengeleg for alle tilsette ved verksemda og for alle som har næringsmessig kontakt med verksemda. Løyvedokumenta skal vere publisert på verksemda si heimeside og kopi skal kunne leverast einkvar på førespurnad.

¹⁰ Denne inndelinga er i samsvar med strukturen i databasen Forurensning.

12 Større endringar

12.1 Utskifting av utstyr

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen på førehand ha melding om dette.

Ved utskifting av utstyr skal beste tilgjengelege teknikkar nyttast med sikte på å motverke ureining.

12.2 Eigarskifte

Løyvet kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå Fylkesmannen. Ny eigar kan ikkje starte opp aktivitet som kan medføre fare for ureining eller kunne verke skjemmande utan avklaring med Fylkesmannen.

12.3 Nedlegging eller driftsstans

Dersom flyplassen vert nedlagt eller stansar for ein lengre periode, skal den ansvarlege melde frå til Fylkesmannen.

Den ansvarlege er den eller dei verksemdene som har hatt aktivitet ved anlegget, eigar av anlegg eller arealet eller brukar av anlegget. Fylkesmannen vil ved behov rette krav mot den vi vurderer som primært ansvarleg. Ved eventuelt fleire ansvarlege, må dei avtale ansvarsforhold etter privatrettslege avtalar.

Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter driftsstans, skal det opplysast særskild.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og å rydde opp i avfall. Fylkesmannen kan pålegge den ansvarlege å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal den ansvarlege syte for at råvarer, hjelpestoff, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i samsvar med gjeldande forskrift¹¹. Dei tiltaka som vert gjennomførte i slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegginga eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukne kjemikal og namn på eventuell kjøpar/ar.

Ved ny oppstart skal den ansvarlege syte for at driftsstadene er i tilfredsstillande miljøtilstand. Før oppstart skal den ansvarlege i god tid i førevegen gje melding til Fylkesmannen, som vil gjere nødvendige endringar i eksisterande løyve, nekte godkjenning av ny ansvarleg eller be om at ønskt aktivitet går gjennom ny søknadsprosess. Dette gjeld for all aktivitet som kan medføre fare for ureining eller verke skjemmande.

¹¹ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1

Utslepp av disse komponentane er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

	Vanlege forkortingar
Bromerte flammehemmarar:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorhaldige organiske sambindingar	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksin og furanar	dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkan C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkan C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzenar	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenylylar	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP
Enkelte tensid:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Nitromusksambindingar	
.....Muskxylen	
Alkylfenolar og alkylfenoletoksylylar:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksylylar	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylylar	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerar	
2,4,6 tri-tert-butylfenol	
Per- og polyfluorerte organiske sambindingar (PFAS)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar

Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluoreerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDODA, PFTrDA, PFTeDA
Tinnorganiske sambindingar:	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT
Polysykliske aromatiske hydrokarbon	PAH
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Siloksanar	
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4
Benzotriazolbaserte UV-filtre	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350